

Økonomiplan

Eit viktig dokument, og rådmannen seier i saksutgreiinga at ein vil komme med eit oppdatert økonomiplandokument i samband med budsjetthandsaminga i haust.

AP meiner at det er viktig at vi har alle kort på bordet når vi vedtar økonomiplanen, og alt blir klart når statsbudsjettet er lagt fram. Økonomiplanen bør og drøftast nærmare på budsjettseminaret som formannskapet skal ha i november. På denne bakgrunnen vil AP fremje forslag om at vi tar økonomiplanen slik den no ligg føre til orientering, og at vi endeleg vedtar den i desembermøtet når vi vedtar budsjettet.

Framlegg til vedtak i sak 73/2016:

AP

Økonomiplanen slik den no ligg føre blir tatt til orientering. Kommunestyret vedtar ein endeleg økonomiplan i samband med budsjettet for 2017.